



SIM

Informasjon frå
Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

SIM

Slamtømming i Austevoll

September 2008

I perioden frå veke 38/08 til veke 11/09 vil det bli tømt septiktankar i Austevoll kommune. Tømminga gjeld både heilårsbustader og fritidshus. Firmaet Johny Birkeland Transport as gjer jobben på oppdrag frå Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS (SIM).

Alle som mottek dette bladet er registrert som slambonnement hos SIM, og kan venta besøk av slambilen i tråd med oppsettet nedanfor.

SIM ber om at du som kunde legg til rette for at slamtømminga kan føregå på best mogeleg vis. Informasjon om tømminga finn du i dette bladet og på nettstaden www.sim.as (velg "Privat" og deretter "Slam/septik").

Omtrentleg framdriftsplan

Bilen følgjer opplista hovudveg med sidevegar.

Atterhald om snø og glatte vegar i vinterhalvåret

Veve Køyrerute

38 - 42	Hufthammar - Eidsbøen
42 - 44	Eidsbøen - Husavik
44 - 45	Husavik - Vik-krysset
45 - 47	Vik-krysset - Kolbeinsvik - Drøno - Eidsbøen
47 - 52	Vik-krysset - Salthella
01 - 04	Bekkjarvik - Gauksheim
04 - 06	Stolmen
06 - 09	Hundvåkøy
09 - 11	Storekalsøy


OBS! Tankar som er vanskeleg tilgjengelege, og soleis må tømmast med traktor, vert tekne heilt til slutt i perioden.

Kontakt Johny Birkeland Transport as, telefon 57 78 11 70, dersom du vil vita meir nøyaktig kva tid din slamavskiljar (tank) skal tømmast.




Prinsippet i ein septiktank med tre kammer

1




Septiktanken bør vera så stor at avløpsvatnet brukar fleire døgn på gjennomlopet, men minst 9-10 timer. Derved får tunge partiklar tid til å sakkja til botnen. Vanleg tankvolum er 4 m³ (3 + 0,5 + 0,5).

2



Etter kvart som slammet hopar seg opp på botnen av tanken, vert det mindre plass til nytt avløpsvatn. Vatnet får dermed kortare tid i tanken. Som følgje av dette vert færre partiklar avsette i tanken og meir slam ført mot utløpet. Resultatet er at utløpsvatnet vert meir ureint.

3



Når tanken er full, er reinseffekten lik null og tanken må tømmast.

Slik føregår slamtømminga

Innhaldet i septiktanken vert soge opp i slambilen. Der vert tørrstoffet skilt ut, og vatnet ført tilbake til septiktanken. Etter denne prosessen er det normalt at det vert liggjande eit slør av slam over vatnet. Oppsamlinga skal føregå med minst mogeleg støy, lukt o.l. Søl frå tømminga skal fjernast av renovatør.

Slammet frå septiktanken er minimalt nedbrote. Det vert køyrt til SIM sitt hovudanlegg i Svartasmøget for kompostering i rankar. Slamkomposten vert brukt til å avslutta avfallsplassen med.

Kontroll av anlegget

I samband med tømming vil septiktanken bli inspiseret visuelt. Dersom det vert oppdaga feil, vil kunden bli varslet av SIM eller kommunen.

Dei mest vanlege feila er:

- tanken har därleg lok
- "dykk" manglar
- tanken har tett utløp
- tanken lek
- utløpet lek
- tett filtergrøft



Dette ynskjer me at kunden gjer før tømming:

- Grav fram loket dersom det ikkje ligg ope i dagen, og fjern evt. snø og is, men ikkje ta av loket.
- Merk loket med gards- og bruksnummer (bruk gjerne varsellappen som du får tilsendt i posten).
- Marker evt. tanken med ein pinne eller liknande, slik at renovatøren finn fram.
- Sørg for at anlegget er lett tilgjengeleg og at det ikkje er etablert hindringar som gjer det vanskeleg å tömma.

Her er tanken markert med ein spade og lapp med gards- og bruksnummer på.

Viktig å vite om septiktanken

Det er viktig å tömme septiktanken ofte nok, slik at avløpsvatnet ikkje får renna over og skapa ureining. Etter forskriftene skal slamtankar for hus tömmast minimum annakvart år, og fjerdekvart år for hytter. I praksis kan intervallet variera med opptil fire månader på kvar side.

Dette skjer i tanken

Avløpsvatnet renn sakte gjennom septiktanken. Dermed får tunge partiklar tid til å søkkja til botnen, medan lette partiklar og feitt flyt til overflata. For å auka denne effekten, og motverka støyvis medriving av slam mot utlopet når t.d oppvaskmaskin, vaskemaskin, dusj og do er i bruk samstundes, er kummen delt i fleire kammer med gjennomløp i ulik høgd.



Avvatningsoperatørene Svein Malvin Marås (nærast) og Ole Andreas Endresen i ferd med å gjera klart for slamtømming. Renovatøren har rett til å plassera naudsynt utstyr på eigedommen, men pliktar å utføra tömmingen med minst mogeleg støy og sòl og å fjerna evt. sòl.

Miljøfordelar

Septiktanken samlar opp partiklar i avløpsvatnet slik at dei ikkje får komma ut i bekker og vatn, eller får tetta infiltrasjonsgrøfta dersom ein har ei slik.

Ved regelmessig tömming av septiktanken kan ein oppnå følgjande reinseffekt:

- Organiske stoff 20 – 30 %
- Fosfor 5 – 10 %
- Nitrogen ca. 5 %

Dei som har infiltrasjonsgrøft i tillegg til tanken vil oppnå endå betre reinseffekt.



Beskjed til kunden om at septiktanken er tömt.

Om varsling

Kunden skal bli varsle om tömming i god tid, slik at han kan gjera nødvendige førebuingar. Alle fastbuande kundar får tilsendt skriftleg varsle i posten minimum éi veke før slambilen kjem. Fritidshus- og hytteabonnementar får tilsendt skriftleg varsle om lag ein månad før tömming.



Ole Andreas Endresen kontrollerer septiktvatnet.

Om rettar og plikter

Fullstendig informasjon om rettar og plikter i samband med slamtømminga finst i forskriftene, som kan lastast ned frå SIM sin nettstad; www.sim.as.

Her nemner me at renovatøren har rett til å plassera naudsynt utstyr på eigedommen for å få gjennomført tömminga. Etter tömming skal renovatøren leggja lok attende på slamavskiljaren, lukka portar og gjera bruk av sikringsordningar som er etablerte for å hindra nokon i å ramla ned i slamavskiljaren.

Abonnementen er ansvarleg for å sikra lok i samsvar med krava i brønnlova. Han skal merka slamtanken med merkelapp påført gards- og bruksnummer, grava fram lok som ikkje ligg i dagen og fjerna evt. snø og is i god tid før tömming.

Om skade på privat eigedom

Dersom renovatøren skulle påføra private vegar, gjerde, hekkar og liknande skade under slamtømminga, pliktar han å setja dette i stand for eiga rekning. Dette gjeld ikkje dersom vegeigar, bruksrettsinnehavar eller vegstyre har påteke seg dette ansvaret. Ved skade må huseigar melda frå så snart som råd (sjå kontaktinformasjon på baksida av bladet).

Naudtømming

Ekstratømming utanom ordinær rute kan tingast hjå SIM. Slik tömming vert fakturert for seg. Gjeldande pris for naudtømming går fram av SIM sin nettstad www.sim.as. SIM garanterer at tanken skal vera tömt seinast 24 timer etter at naudtømming er bestilt.

Spyling av tette røyr

Det er råd å tinga spyling av tette røyr. Les meir om dette på side 4.



Problem med slamanlegget

1 Septiktanken er full

Ta av loket og sjekk om det er mykke fast slam/masse på toppen. Kontakt i så fall firmaet som tømmer slam for SIM (sjå kontaktinformasjon nede på denne sida).

2 Røyra mellom huset og tanken er tette

Dette kan løysast ved å spyla gjennom røyra. Firmaet som tømmer slam for SIM kan gjera denne jobben. Tette rør kan skuldast at det ikkje er rett fall på røyra, eller at det ikkje er bend på innløpsrøyet som fører ned i tanken.

For dei som har infiltrasjonsgrøft er det viktig at septiktanken vert tømt regelmessig. Grøfta kan gå tett dersom det går mykke partiklar ut av tanken. Derved får ikkje spillvatn frå septik-

tanken komma ut. Dersom nivået i septiktanken står høgare enn utløpsrøyet, kan det tyda på at utløpsrøyet er tett.

3 Kloakklukt i huset

Etterfyll vasslåsane i vaskar og slukar. Vasslåsane kan tørka ut på



Svein Malvin Marås koplar slangen til bilen.

grunn av varmekablar eller lite bruk. Dersom du fyller t.d. matolje i slukane vil olja leggja seg som ei hinne over vatnet og forseinka fordampinga frå vasslåsen.

4 Kloakklukt utomhus

Kontroller om det er montert lufting av kloakken i huset. Lufting av kloakk går normalt over tak. Ved spesielle værtihøve kan lufting over tak føra til vond kloakklukt sjølv om luftinga fungerer. Dersom det er tilfelle, kan ein ta av røyret i luftehatten og montera ein spesialventil. Ein slik ventil tilfører nødvendig luft ved tapping og liknande og hindrar luktutslepp. Kontakt røyrleggjar for nærmere informasjon.

Opningstider miljøsentralane

Austevoll, Porsdalen

Torsdag kl. 10.00 – 18.00.
Annankvar laurdag (oddetalsveker)
f.o.m. 1. april t.o.m. 30. september
kl. 09.00 – 14.00.
Pinseaftan stengt.

Bømlo, Hollundsdalen

Tysdag og torsdag kl. 12.00 – 18.00
Annankvar laurdag (oddetalsveker)
f.o.m. 1. april t.o.m. 30. september
kl. 09.00 – 14.00.
Pinseaftan stengt.

Fitjar og Stord, Svertasmogot

Måndag kl. 08.00 – 18.00
Tysdag – fredag kl. 08.00 – 15.30
Annankvar laurdag (partalsveker)
kl. 09.00 – 14.00.
Torsdagar f.o.m. 1. april t.o.m.
30. september kl. 08.00–18.00.
Julaftan og nyttårsaftan stengt.

Kvinnherad, Husnes industriområde

Tysdag og fredag kl. 08.00 – 13.00
Måndag og torsdag kl. 13.00 – 18.00
Annankvar laurdag (partalsveker)
f.o.m. 1. april t.o.m. 30. september
kl. 09.00–14.00.

Sveio, Sveiåsen

Måndag kl. 10.00 – 18.00
Annankvar laurdag (oddetalsveker)
f.o.m. 1. april t.o.m. 30. september
kl. 09.00–14.00.
Pinseaftan stengt.

Tysnes, Eredalen

Tysdag kl. 10.00 – 18.00
Annankvar laurdag (partalsveker)
f.o.m. 1. april t.o.m. 30. september
kl. 09.00–14.00.



Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKIS
Svertasmøgot, N-5419 Fitjar
telefon: 53 45 78 50
telefaks: 53 45 78 60
e-post: sim@sim.as
www.sim.as

Kontaktinformasjon for slamtømminga

Johny Birkeland Transport as:

Tlf. 57 78 11 70

Vakttelefon: 970 10 092